



Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 08.12.2017

Tid: 09.00 – 14.30

Møtestad: Odda rådhus, formannskapssalen

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Arild M Steine (Kvam), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Thore Hopperstad (Ulvik),

Administrasjon: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Forfall: Reidar Isdal(Jondal)

Møteinnkallinga er gjort i Outlook.

Agenda:

09.00 – 09.30 «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande.»
v/ Prosjektleder Andreas Sigvaldsen
09.30 – 10.00 Ungt Entreprenørskap v/ Signe Bondhus-Jensen
10.00 – 13.00 Sakshandsaming
13.20 – Lunsj Trolltunga hotel.

Orienteringar:

1. «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande.»
v/ Prosjektleder Andreas Sigvaldsen
2. Ungt Entreprenørskap v/ Signe Bondhus-Jensen

Sakliste Rådmannsforum:

Innspel til saklista: Sak 8 /17 vert behandla til slutt.

RF-sak 07/17 Meldingar

Ingen meldingar til dette møtet.

RF-sak 08/17 Møtebok frå Regionrådsmøte 19.10.2017

Denne saka vart ikkje drøfta i møtet.

RF-sak 09/17 Omorganisering av NAV Voss/Hardanger

Det må etablerast ei utgreiingsprosjekt, regionen må sjølv stå for omorganiseringa.

Mandatet kjem frå Hardangerrådet.

Saka vert teke opp att på neste møte, rett etter nyttår. Rådmannsforum ser føre seg å vera styringsgruppe for det nye prosjekt, der NAV er prosjekteigar. RF ser også føre seg tenesteområde leiar(TEO) som prosjektleder.

Det må skrivast ei projektskisse . Ei kartlegging av tenester og kompetanse vil visa kva som er i dei ulike kontora i dag. Lokalt grep viktig for å sikra at brukarane har lokale tenester.

RF-sak 10/17 Sal av aksjar i bompengeselskapa

Framlegg til nytt takst- og rabattsystem for bompenginnkreving.

Må finna ut kva konsekvensane er ved å sei nei? Kva alternativ har me?

Kommunane er positive, men med bakgrunn i vedtak gjort i kommunane, har ikkje rådmennene mandat til å ta henvendinga vedk sal av aksjar vidare, så lenge takst- og rabattsystemet ikkje er endra etter høyringsrunden.

Kan HR og RF senda ein uttale for å gå i dialog . Alle ønskjer eit nytt system velkomen, men korleis få til beste løysing. Kommunane ber om betre tid og meir informasjon. RF ilag med HR ber om å få møte med SVV og Hfk i denne saka. Leiar i RF Thore Hopperstad avtalar møtet.

RF-sak 11/17 Aktuelle saker frå Rådmannsutvalet

Det er ingen saker å melde om på dette møtet.

I samband med rådmannssamlinga den 22. januar 2018 er det nyval av representantar. RF oppmodar om å få inn ny kandidat frå Hardanger. Leiar i RF sende i møtet innspel til valnemnd om at Rådmann i Odda Ole-Jørgen Jondahl er kandidat til valet.

RF-sak 12/17 Vegne vidare for Rådmannsforum

Selskapsavtalen for Hardangerrådet skal fornyast og vera vedteken til 1.1.2020.

I denne tida før kan me arbeida med modell for ny selskapsavtale. Dette er ei god tid for endring, me er allereie i brytingstida.

RF oppfordrar til å skriva eit strategidokument for Hardanger, for å binda oss meir saman. Kan me ha klart anbefalingar til Hardangtinget 2018? Viktig at dette er debatt hjå ordførarane RF oppfordrar ordførarane til alltid å ha ein representant som møter på fylkestinget i Hordaland.

RF-sak 13/17 Møteplan for rådmannsforum 2018

Rådmenna legg sine 4 møter til desse datoane i 2018 :

1. Ny dato i januar
2. 26. april
3. 13. september
4. 13. desember

Desse møta er same stad og tid som Hardangerrådet, slik kan dei ha fellesmøte om ønskjeleg.

RF-sak 14/17 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.

Runde rundt bordet:

Odda: Har nedbemanningsrundar i både 2017 og 2018. For å halda kostnadsnivå på same nivå, må det nedbemannast. Byter til Google som arbeidsverktøy.

Aktivitet på Smelteverkstomta er i framdrift.

Granvin: Mykje arbeid med fellesnemder, dei er få å dela arbeidet på. Viktig at dei deltek i alle gruppene for å ta vare på innbyggjarane sine interesser.

Kvam: Kultur for kontinuerleg forbetring. Å arbeida med LEAN har vore utruleg bra for organisasjon. Arild M. Steine er avtroppande rådmann i Kvam, og har fått jobben som prosjektleiar/rådmann for Voss herad.

Ulvik: Har oppretta og tilsett HR sjef. Bygging av ny sjukeheim har planlagt oppstart tidleg haust 2018. Slowcruise er ny spennande utvikling i cruisedebatten.

Eidfjord: Samarbeider veldig tett med Ulvik. I 2018 vert det fokus på digitalisering.

Kommunen skal ha prosjekt pause neste år.

Ullensvang: Sparekatalog og budsjett arbeid, som for alle ei andre kommunane.

Heradet har stort fokus på digitalisering. Samarbeider tett med teknisk avdeling i Odda.

Andre viktige saker er skulesamanslåing og arbeid med ny sjukeheim.

Ny leiar i RF er hindre frå å delta i HR-møtet den 14. desember og Geir Underhaug møter i hans stad.

Referent

Trude L. Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet